

Rundskriv R

Samtlige departementer
Statsministerens kontor

Nr.
R-4/2021

Vår ref
21/1890

Dato
26.03.2021

HOVUDBUDSJETTSKRIV FOR 2022

Retningslinjer for arbeidet med statsbudsjettforslaget for budsjettåret 2022

Finansdepartementet gir i dette skrevet retningslinjer for arbeidet med budsjettforslaget og tilhørende budsjettdokument.

	Side	
1	Budsjettkalenderen for 2022-budsjettet	2
2	Rammebudsjettering	2
3	Fastsetjing av rammene	3
4	Rammefordelingsforslaget frå departementa	5
5	Budsjetteringsprinsipp	8
6	Gul bok 2022	10
7	Fagproposisjonane 2022	12
8	Budsjettforslag som har verknad for kommunar og fylkeskommunar	18
9	Overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2021	19
10	Retningslinjer for offentlig informasjon om budsjettsaker	19

1 BUDSJETTKALENDEREN FOR 2022-BUDSJETTET

Følgjande kalender gjeld for budsjettarbeidet:

19. juli	Frist for å sende rammefordelingsforslaget til Finansdepartementet
26. juli	Frist for å rapportere overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2021
25.–26. august	Regjeringskonferanse om 2022-budsjettet
17. september	Frist for å sende utkast til fagproposisjon til Finansdepartementet
17. september	Frist for å sende utkast til departementsomtale til Gul bok til Finansdepartementet
24. september	Fagproposisjonane i statsråd
1. oktober	Gul bok i statsråd
13. oktober	Budsjettet vert lagt fram

2 RAMMEBUDSJETTERING

Som i dei føregåande åra, skal arbeidet med statsbudsjettet for 2022 vere i tråd med prinsippa for rammebudsjettering.

2.1 Hovudprinsippa for rammebudsjettering

Rammebudsjettering skal gi eit formålstenleg grunnlag for politisk prioritering og bidra til effektiv ressursbruk. Når regjeringa har fastlagt utgifts- og inntektsrammene per departement og definert dei politiske hovudprioriteringane for budsjettet, skal departementa fordele utgiftene og inntektene på kapittel og post. Rammetala er fastsette per departement, som i utgangspunktet fritt kan fordele dei fastsette budsjетtrammene til dei ulike formåla innanfor departementsområdet. Dersom regjeringa har vedteke innstrammingar, kan desse som hovudregel verte erstatta av alternative, reelle innstrammingstiltak.

Rammene som er fastsette i mars er endelege, med unntak for eventuelle tildelingar frå avsetjinga til politiske profileringar. Departementa har som hovudregel ikkje høve til å fremje nye forslag utanom den vedtekne ramma.

Ein føresetnad for ein vellukka rammestyrtd budsjettprosess er at departementa prioriterer innanfor budsjетtrammene sine i tråd med dei overordna prioriteringane til regjeringa. I stor grad må prioriteringane i budsjettet skje gjennom omprioriteringar innanfor budsjетtrammene til departementa. Det er det einskilde departement sitt ansvar å sjå til at slike omprioriteringar og tiltak for effektivisering av ressursbruken vert gjennomførte.

Det gjeld visse avgrensingar i høvet til å fordele budsjетtrammene:

- Departementa si rammefordeling skal primært byggje opp under dei satsingsområda regjeringa har vedteke i budsjettarbeidet. Store og politisk viktige endringar som departementa gjer innanfor eigne budsjетtrammer, skal leggjast fram for regjeringa. Dette inneber mellom anna at departementa ikkje kan innarbeide sine forslag til satsingar som del av interne prioriteringar endeleg i budsjetta før regjeringa har endeleg godkjent

motsvarande inndekning. Dette gjeld større og meir prinsipielle saker kor ei politisk avklaring er naudsynt.

- Budsjettet skal vere realistisk, jf. § 3 i løyvingreglementet. Omprioritering frå regelstyrte og lovbundne løyvingar må vere reelle og gjelde realistiske regelendringar. Vi minner òg om at departementa må budsjettere løyvingar med stikkordet "kan overførast" realistisk. Ikkje før opp høgare beløp enn det departementet meiner faktisk vil verte utbetalt i budsjettåret.
- Store investeringsprosjekt med samla kostnadsramme over 300 mill. kroner for digitaliseringsprosjekt og over 1 mrd. kroner for andre prosjekt skal gjennomgå ekstern kvalitetssikring (KS2) før kostnadsoverslag og styringsramme vert fremja for Stortinget. Krav om ekstern kvalitetssikring er fastsett i rundskriv R-108 Statens prosjektmodell – Krav til utredning, planlegging og kvalitetssikring av store investeringsprosjekt i staten. For at regjeringa skal vurdere og eventuelt fremje eit prosjekt for Stortinget i Prop. 1 S for 2022, må ferdig KS2-rapport liggje føre seinast 19. juli 2021. Dette gjeld uavhengig av om kvalitetssikringa vert gjennomført ved bruk av Finansdepartementet si rammeavtale eller om verksemda sjølv er ansvarleg for slik kvalitetssikring. Finansdepartementet ber om at departementa i rammefordelingsforslaget opplyser om kva for prosjekt som departementa planlegg å fremje i budsjettforslaget for 2022.
- Øyremerkte tilskot til kommunesektoren (60-postane) inngår i regjeringa sitt samla økonomiske opplegg for kommunesektoren. Det er difor som hovudregel ikkje tillate å omprioritere frå 60-postar. Departementa har likevel høve til å ta opp med Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet spørsmål om å flytte beløp mellom 60-postar og andre postgrupper. Departementa kan òg ta opp spørsmål om å flytte midlar mellom rammetilskotet og øyremerkte tilskot ved eventuelle funksjonsendringar med Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I begge tilfelle må departementa ta opp forslag om omprioriteringar med Kommunal- og moderniseringsdepartementet før det vert fremja for Finansdepartementet.
- Departementa må aktivt følgje opp regjeringa sine innsparingstiltak. Innarbeid alltid innsparingstiltak med netto reduksjon. Dersom det er naudsynt med auka administrative ressursar for å gjennomføre reduksjon under ei tilskotsordning, må reduksjonen òg kunne dekkje dei administrative meirutgiftene.

Departementa sin fridom ved fordelinga av budsjetttrammene er nært knytt saman med ansvaret for at budsjetttrammene vert haldne gjennom budsjettåret. Fridom ved fordelinga av budsjetttramma inneber òg at departementa må leggje stor vekt på arbeidet med resultatoppfølging og resultatrapportering.

3 FASTSETJING AV RAMMENE

3.1 Budsjettkonferansen i mars 2021

Regjeringa fastsette på budsjettkonferansen i mars 2021 utgifts- og inntektsrammer for departementa.

Innanfor den totale utgiftsramma vart det òg avsett ein pott til politiske profileringar. Denne avsetjinga vil verte fordelt på budsjettkonferansen i august.

Departementa får tilsendt regjeringa sine konklusjonar om utgifts- og inntektsrammene og andre budsjettføresetnader i eigne rammebrev. Rammene i rammebreva er i 2022-prisar. Departementa skal leggje desse rammene til grunn for det vidare budsjettarbeidet. Verknader av lønsoppgeret for statstilsette mv. i 2021 vil verte innarbeidd seinare.

3.2 Budsjettkonferansen i august

Rammene som er fastsette av regjeringa på budsjettkonferansen i mars, er endelege. Utover verknader av lønsoppgjeret for statstilsette mv. i 2021, er det einaste som kan kome i tillegg

- eventuelle tildelingar frå avsetjinga til politiske profileringar
- eventuelle rammeoverføringar mellom departementa
- eventuelle justeringsforslag.

På budsjettkonferansen i mars vart fleire satsingsforslag ført til profilbehandling. I tråd med dei overordna prioriteringane til regjeringa kan ikkje departementa byte ut satsingsforslaga som er vedtekne ført til profilbehandling med andre satsingsforslag. Departementa skal i sine innspel til budsjettkonferansen i august gi ei kortfatta framstilling av profilførte forslag på sitt område. Det skal òg vere gjort greie for eventuelle endringar i føresetnader. I tilfelle der det er ført fleire satsingsforslag til profilbehandling under eitt departement, skal det vere gjort greie for departementet si rangering av desse.

Vi minner om at ansvarleg fagdepartement skal leggje fram ein oppdatert overordna gevinstrealiseringsplan til augustkonferansen for alle relevante satsingsforslag som vart førte til profilbehandling, jf. [rundskriv R-9/2020](#), punkt 3 og punkt 4. Ein overordna gevinstrealiseringsplan vil, i hovudsak, vere relevant å utarbeide for forslag som resulterer i nettobudsjettgevinstar for offentleg sektor, samt for forslag der realisering av gevinstar krev ei målretta oppfølging. Den oppdaterte planen skal ta utgangspunkt i malen for overordna gevinstrealiseringsplanar som følgde som vedlegg 3 til rundskriv R-9/2020, og som er tilgjengeleg på nettsida «[Finansdepartementets rundskriv](#)».

Nedanfor vert det gjort greie for kva forslag til justeringar av rammene som departementa kan foreslå til budsjettkonferansen i august. Ved forslag om justering av utgifts- og inntektsrammene må departementa i tillegg vurdere budsjettverknaden for dei tre første åra utover budsjetteringsåret (2023–2025). Overslaga for 2023–2025 må gi eit godt overordna bilete av utviklinga i utgifter og inntekter i åra framover. I lys av uvissa i overslag fram i tid, bør dei forventa endringane av utgifter og inntekter i hovudsak vere større enn 100 mill. kroner for å bli tekne med i overslaga.

Endringar for regelstyrte overslagsløyvingar

I konsekvensjusteringa er den sannsynlege utgiftsutviklinga i dei regelstyrte løyvingane vurdert. Dersom det er grunnlag for å revurdere prognosane som ligg til grunn for rammene som vart fastsette på budsjettkonferansen i mars, slik at det ut frå kravet om realistisk budsjettering er naudsynt å endre overslaga for 2022, skal departementet fremje forslag om ei slik endring.

Dersom justerte overslag viser at det under ei regelstyrt løyving er eit mindre behov enn lagt til grunn i ramma, kan vedkomande departement ikkje omprioritere det overskytande til andre formål. Departementet må innarbeide innsparinga i rammefordelingsforslaget som reduksjon i ramma.

Endringar i føresetnader om valutakurs

For løyvingar til tilskot til utanlandske organisasjonar o.l. som vert betalte i framand valuta, skal budsjettforslaget for 2022 vere basert på kursen for vedkomande valuta per 1. juni 2021.

I dei tilfella der ein kan vise at kursen 1. juni 2021 skil seg vesentleg frå det som låg til grunn

for det konsekvensjusterte budsjettet, kan departementa foreslå ein reduksjon eller eit påslag tilsvarande desse endringane i rammefordelingsforslaget.

Inntekter og utgifter under ordningar med meirinntektsfullmakt

Meirinntektsfullmakter gir høve til å overskride utgiftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekt. Sjølv om det er etablert ordningar med meirinntektsfullmakt, skal dei utgifts- og inntektspostane som høyrer saman verte realistisk budsjetterte. Statsrekneskapen syner dei seinare åra vesentleg høgare inntekter enn i nysaldert budsjett. Det gjeld i stor grad postar som det er knytte meirinntektsfullmakter til. Det inneber at departementa i rammedisponeringsforslaget for 2022 framleis må leggja stor vekt på rekneskapstala for å fastsetje nivået på utgiftspostane og inntektspostane. Departementa må difor vurdere slike utgifts- og inntektspostar, og eventuelt foreslå parallelle justeringar av inntektene og utgiftene.

For 2022-budsjettet skal det av dei einskilde forslaga til Stortinget om meirinntektsfullmakter (romartalsfullmakt) gå fram at meirinntekter og mindreinntekter skal inngå i utrekninga av overføring av unytta løyving til neste budsjettermin.

Forslag til funksjonsendringar mellom departement

Når det er semje mellom to departement om overføring av eit bestemt funksjonsområde, skal departementa omtale dette forholdet og justere budsjetttrammene i rammefordelingsforslaget. Dette kan til dømes gjelde overføring av løyving og endringar som ledd i omstillingstiltak i staten.

Eventuelle forslag om alternative innsparingstiltak

I rammebrevet til kvart einskild departement er det gjort kjent korleis regjeringa sine innsparingsvedtak skal gjennomførast. Departementa kan fremje alternative forslag til reelle innsparingar.

4 RAMMEFORDELINGSFORSLAGET FRÅ DEPARTEMENTA

4.1 Generelle krav til framstillinga

Forslaget til rammefordeling skal vere kortfatta og poengtert slik at hovudprioriteringane kjem klart fram. Departementa bør leggje opp arbeidet med rammefordelingsforslaget slik at det går inn som ein del av det generelle arbeidet med fagproposisjonen. Ein skal leggje hovudvekta på å gjere greie for og grunngi større reelle endringar samanlikna med Saldert budsjett 2021.

Departementa må

- få klart fram korleis rammefordelinga samsvarer med dei sentrale politiske satsingsområda
- gi ei vurdering av dei regelstyrte løyvingane
- vurdere budsjettverknaden for dei tre første åra utover budsjetteringsåret (2023–2025), målt både som endring frå marsramma og som nytt nivå. Overslaga må gi eit godt overordna bilete av utviklinga i utgifter og inntekter i åra framover. I lys av uvisse i overslag fram i tid, bør dei forventa endringane av utgifter og inntekter i hovudsak vere større enn 100 mill. kroner for å inngå i overslaga. Overslaga er grunnlag for omtalen av fleirårige budsjettkonsekvensar i Gul bok 2022.
- vurdere følgjande moment for nye tiltak som er teke med innanfor budsjetttramma:
 - tiltaket sitt formål og varigheit
 - behovet for tiltaket og forventa resultat

- dei positive og negative verknadene av tiltaket og kven tiltaket gjeld
- om tiltaket er utgreidd i tråd med føresegnene i utgreiingsinstruksen

Finansdepartementet vil særleg vurdere

- den samfunnsøkonomiske lønsemda av nye tiltak som er teke med innanfor budsjett-ramma, og om slike forslag fører til auka løyvingar etter 2022
- om løyvingar som gjeld regelstyrte ordningar, er budsjetterte realistisk
- den allmenne realismen i budsjetteringa

Dersom rammefordelingsforslaget avvik frå dei rammene som vart fastsette på budsjett-konferansen i mars, må departementet gjere særskild greie for dei forholda som ligg til grunn for dette, bl.a. om det gjeld nye overslag på regelstyrte ordningar eller andre forhold, jf. punkt 3.2 ovanfor. Det må kome tydeleg fram kva som er årsaka til endringane, til dømes om det gjeld endra kostnadar per eining eller talet på einingar. Departementet skal òg leggje fram ein oversikt over kva for budsjettpostar endringane gjeld og om det er fleire høve som påverkar same budsjettpost.

For omprioriteringar innanfor budsjett-ramma må departementet særleg gjere greie for både kor utgiftene er sett opp til nye prioriteringar og korleis dei er finansierte innanfor samla ramme. Dersom same budsjettpost vert påverka av ulike endringar, må ein i tillegg til netto verknad på posten, gjere greie for kvar endringsfaktor for seg, til dømes kva som gjeld nye overslag, omprioriteringar, tekniske endringar, flyttingar mellom departement o.a.

Innanfor dei fastsette rammene utarbeider kvart departement sitt rammefordelingsforslag og leverer det til Finansdepartementet innan 19. juli 2021. Departementa må i tillegg levere teksten via Budkom eller på anna elektronisk medium. Teksten må vere lagra i Microsoft Word-format. Fila kan kallast RFF22fag.docx, der "fag" vert erstatta med forkortinga for det aktuelle departementet.

4.2 Oversiktstabellar

Vi ber om at departementa tek med følgjande tabellar i innleiinga til rammefordelingsforslaget (i 1 000 kroner):

A. Departementet sine utgifter fordelte på programområde og programkategoriar med fire kolonnar med

- 1) rekneskap for 2020
- 2) saldert budsjett for 2021
- 3) budsjettet si stilling for 2021 etter første halvår
- 4) departementet sitt forslag for 2022

B. Departementet sine inntekter fordelte på programområde og programkategoriar med fire kolonnar med

- 1) rekneskap for 2020
- 2) saldert budsjett for 2021
- 3) budsjettet si stilling for 2021 etter første halvår
- 4) departementet sitt forslag for 2022

Departementa skal òg sende inn spesifikasjon av summene for 2022 fordelt på kapittel og post som eit separat vedlegg. Ved rapportering av driftsutgifter, må post 1 fordelast mellom to tekniske underpostar (1 Løn og godtgjersler og 2 Varer og tenester). For kapittel under Statens forretningsdrift (kap. 2440-2490) må underpostar under post 24 førast opp.

Lever dette materialet med fullstendig kapittel- og postnemning og stikkord, slik som i utkast til vedtak.

4.3 Fordeling på kapittel og post – bruk av elektroniske løsninger

Lever data elektronisk via Budkom eller på anna elektronisk medium.

Generer fila via Budkom. Fila heiter "Rammefordelingsforslag" (RAMM) og ser ut som følgjer:

År	Depnr	Omrnr	Katnr	Kap	Post	Upost	Endring	Status
2022	01	02	00	0100	01	1	#####	#####
2022	01	02	00	0100	01	2	#####	#####
2022	09	17	20	2460	24	1	#####	#####
2022	09	17	20	2460	24	2	#####	#####

Data må vere lagra som rein tekst (txt). Kvant felt skal vere skilt av med ein tabulator. Alle felte må vere fylt. Alt dette skjer automatisk når ein køyrer rapporten i Budkom.

Departementa må spesifisere lønsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester på underpostar i regjeringa sitt interne budsjettarbeid. Driftsutgifter under post 01 er fordelt på underpost 1 Løn og godtgjersler og underpost 2 Varer og tenester. Når løyvingframlegga vert fremja for Stortinget, er dei slått saman til ein felles driftspost. Alle 24-poster skal vere spesifisert på underpost. Ikkje splitt opp andre postar på underpost.

Spørsmål kan rettast til Elise Solberg (tlf. 22 24 43 07).

4.4 Romartalsvedtak

Romartalsvedtak er vedtak som Stortinget gjer i samband med budsjettet utanom løyvingane på kapittel og post. Slike vedtak kan til dømes gjelde fullmakter til å stifte forpliktingar for framtidige budsjettår eller til å overskride utgiftsløyvingar på grunn av meirinntekt.

Forslag som krev romartalsvedtak må departementa ta opp med Finansdepartementet. Forslag om slike vedtak vert tekne med både i Gul bok og i fagproposisjonane.

Departementa skal sende forslag til romartalsvedtak for 2022 til Finansdepartementet som vedlegg til rammefordelingsforslaget med frist 19. juli 2021.

Utform forslaga til romartalsvedtak etter den same malen som er nytta dei siste åra. I [Gul bok 2002, kap. 6.1](#), vart det gjort greie for kva for prinsipp som er lagt til grunn for utforminga av romartalsvedtaka.

Departementa kan også ha romartalsvedtak frå tidlegare år som gjeld utan tidsavgrensing eller i alle fall utover eitt budsjettår. For å få eit betre oversyn over alle gjeldande vedtak, ber vi om at departementa gjev ei oppstilling over slike vedtak i et eige vedlegg til fagproposisjonane. Vidare ber vi om at departementa sender denne oppstillinga til Finansdepartementet saman med framlegget til rammefordeling.

4.5 Eventuelle endringar i forhold til rammefordelingsforslaget

Alle beløp på kapittel og post for 2022 vert lagde inn i databasen i Finansdepartementet slik

dei er førde opp i forslaget til rammefordeling. Etter budsjettkonferansen i august skal departementa snarast mogeleg stadfeste endringane frå rammefordelingsforslaget på særskilde ark med dette mønsteret:

Kap	Post	Underpost	Nemning	Endring	Statusbeløp
-----	------	-----------	---------	---------	-------------

Departementa må sende alle endringar i nemning på kapittel og postar inn på særskild ark med dette mønsteret:

Kap	Post	Nemning (berre den nye nemninga)	Programkode
-----	------	----------------------------------	-------------

Finansdepartementet vil sende ut eit eige rundskriv om desse stadfestingane i august.

4.6 Sektorovergripande klima- og miljøpolitikk

I samband med rammefordelingsforslaget må kvart departement utarbeide ei forklaring av klima- og miljøprofilen i forslaga sine og sende denne til Klima- og miljødepartementet, jf. omtale i pkt. 7.2.3.

5 BUDSJETTERINGSPRINSIPP

5.1 Generelt

Departementa skal basere budsjettforslaget på gjeldande vedtak og prinsipp for statleg budsjettering. Sjå utførleg framstilling i del II i "Veileder i statlig budsjettarbeid". Rettleiaren er å finne på Finansdepartementet si heimeside på regjeringa.no. Spesielt vil vi vise til pkt. 2.2.2.3 om prinsippet om fullstendig budsjettering og kravet om realistisk budsjettering av både utgifter og inntekter, samt pkt. 2.2.2.5 om bruttoprinsippet.

Vidare viser vi til rundskriv R-101 *Statens kontoplan for statsbudsjettet og statsregnskapet*. Rundskrivet ligg på Finansdepartementet si heimeside på regjeringa.no.

Dersom ein ønskjer å knyte stikkorda "*overslagsløyving*", "*kan overførast*" eller "*kan nyttast under*" til nye postar eller til postar som tidlegare ikkje har hatt stikkord, må ein grunnkje forslaget. Dette gjeld likevel ikkje når stikkordet "*kan overførast*" skal knytast til investeringspostane 30-49. Stikkord kan berre nyttast etter godkjenning frå Finansdepartementet, og departementa må ta opp spørsmål om å knyte stikkord til nye postar.

5.2 Pris- og lønsnivå

Departementa skal innarbeide lønsbeløpa i budsjettforslaget på grunnlag av dei regulativsatsar og vedtak som gjeld etter 1. mai 2021. Det same gjeld for dei tilskotspostane det er avtalt med Finansdepartementet at skal følgje same budsjetteringsprinsipp som lønspostane til staten. Særskild melding om eventuelle påslag på rammene vil verte gitt når konsekvensane av lønsreguleringa er klar.

Forvaltningsbedriftene vil, som i tidlegare år, ikkje verte kompenserte for verknadene av lønsoppgjera. Sett difor av midlar til å dekkje lønsoppgjera for 2021 og 2022 innanfor post 24 Driftsresultat. Nettobudsjetterte forvaltningsorgan med særskilde fullmakter er allereie kompenserte for forventta løn, og vert ikkje ytterlegare kompenserte for verknadene av lønsoppgjera etter at det endelege utfallet av lønsoppgjera er kjent.

Beløpa i rammefordelingsforslaget og Prop. 1 S skal vere baserte på det pris- og lønsnivå som

er forventa i 2022.

5.3 Særleg om lønspostane

Budsjettering under lønspostane er omtalt i rundskriv R-101 frå Finansdepartementet, pkt. 4.3.1.

Statlege verksemdar skal i 2022 nytte den satsen for arbeidsgivaravgift som gjeld i den avgiftssona verksemda er lokalisert, jf. rundskriv R-103.

Frå 2017 vart det innført ei forenkla pensjonspremieordning, som innebar betaling av 12 pst. arbeidsgivartilskot til SPK. Frå 2019 er dei fleste statlege verksemdar inkludert i denne ordninga, eller innbetalar pensjonspremie til SPK etter tidlegare etablert praksis. Alle verksemdar som betalar pensjonspremie skal budsjettere med arbeidsgivartilskot og 2 pst. i medlemspremie. Sjå òg rundskriv R-118 om budsjettering og rekneskapsføring av pensjonspremie for statlege verksemdar.

Departementa skal ikkje budsjettere med utgifter til vikar under fødselspermisjon og sjukdom.

5.4 Særleg om statens forretningsdrift – renteutgifter, avskrivningar o.a.

Renter

For statens forretningsdrift skal det først opp renter av staten sin kapital i bedriftene. Før opp rentene i samsvar med prinsippa i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 7 (1993–1994). For kapitalinnskot frå 2017, 2018, 2019, 2020 og 2021 (inkl. eldre kapitalinnskot konverterte i desse åra) er rentesatsen etter tur 0,81; 1,07; 1,32. 1,36 og 0,75 pst., jamfør [rundskriv R-1/2021 Statsbudsjett og statsregnskap 2021 – Rentesats for mellomværende med statskassen og statens kapital i statens forvaltningsbedrifter](#). Den rentesatsen som skal nyttast på nye kapitalinnskot i 2022 og på eldre kapitalinnskot som vert konverterte i 2022, vil verte fastsett av Finansdepartementet i oktober/november 2021 på grunnlag av gjennomsnittleg rente på 5-års obligasjonslån i 12-månadersperioden 1. oktober 2020 – 30. september 2021. I budsjettforslaget for 2022 kan ein nytta satsen for 2021.

Før òg renter på forvaltningsbedriftene si mellomrekning med statskassa. Renta er her knytt til renta på kortsiktige kontolån til statskassa. Budsjetter likevel ikkje desse renteinntektene. Dei vil difor berre kome fram i rekneskapen.

Avskrivningar

Avskriv den investerte kapitalen i samsvar med dei retningslinjene som er fastsette for kvar forvaltningsbedrift på grunnlag av Stortinget sitt generelle vedtak om avskrivningar 14. juni 1990 på grunnlag av St.prp. nr. 87 (1989–1990), jf. Innst. S. nr. 243 (1989–1990).

5.5 Særleg om forvaltningseiningane for statlege utlån

For å få til eit samordna system for løyvingar og rekneskap i statsbudsjettet/statsrekneskapen for Husbanken, Statens lånekasse for utdanning og bustadlånsordninga under Statens pensjonskasse, skal desse hovudprinsippa leggjast til grunn, jf. Prop. 1 S (2009–2010) kapittel 9.4:

- Departementa skal budsjettere og overføre alle renteinntekter systematisk ut frå opptente renter basert på kalenderåret. Under kvar post i fagproposisjonane skal departementa gjere greie for kva som vil gå til dekning av manglande avdrag og opptente renter i budsjettåret. Handsam alle kostnader og andre inntekter enn renter etter kontantprinsippet.
- Kvar forvaltningseining skal ha eigne 70-postar for å dekkje tap/kostnader som oppstår

ved manglande tilbakebetaling av statlege utlån. Under kvar post skal departementa gjere greie for kva som vil gå til dekning av manglande avdrag og opptente renter i budsjettåret.

Som grunnlag for makroøkonomiske utrekningar i Finansdepartementet, ber vi i tillegg om å få følgjande opplysningar for Husbanken, Statens lånekasse for utdanning og bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse for åra 2022–2025:

- samla uteståande fordringar for renteberande lån, ikkje renteberande lån, og opptent, men ikkje betalt rentegjeld per 1/1 2022, per 1/1 2023, per 1/1 2024, per 1/1 2025 og per 1/1 2026
- opptente renteinntekter for forvaltningseiningane dei enkelte åra
- låneporteføljen fordelt mellom fast og flytande rente, og fordelt på resterande løpetid

Finansdepartementet vil sende eige brev til dei aktuelle departementa med retningslinjer for kva renteføresetnader som skal liggje til grunn for overslaga for 2022 og med eventuelle presiseringar av føresetnader om gjennomføring av budsjettoplegget innan 1. juli 2021.

6 GUL BOK 2022

6.1 Utforming av departementsomtalen i Gul bok

Departementsomtalen i Gul bok skal ha to hovuddelar: Ein innleiande tabell med oversikt over løyvingsforslaga og ein tekstleg omtale av hovudtrekk og prioriteringane i budsjettet under kvart departement.

Kvart departement skal utarbeide ein omtale for områda sine og sende dette til Finansdepartementet innan 17. september.

Oversiktstabell

Tabellen skal gi ei oversikt over budsjettforslaget på programkategorinivå, med kolonnar for det salderte budsjettet for inneverande år (Saldert budsjett 2021), løyvinga for komande år (Prop. 1 S for 2022) og prosentvis endring frå inneverande til komande år. Sum skal vere i millionar kroner.

Departement som har fleire programområde, skal summere kvart programområde for seg, og dei samla løyvingane på områda til departementet skal summerast til slutt. Departement som har 90-postar (lånetransaksjonar), skal skilje desse ut under kvart programområde.

Dersom det er gjort tekniske omleggingar eller liknande som fører til store endringar i løyvingane under eit departement, bør departementet omtale dette kort i fotnotar under tabellen.

Tekstleg omtale

Departementsomtalen skal syne dei viktigaste prioriteringane i 2022-budsjettet. Omtalen skal byrje med ei strekliste på tre til fem hovudprioriteringar. Gi deretter ein utfyllande omtale for kvart strekpunkt. Her kan ein leggje vekt på større satsingar og innsparingsforslag (som òg er prioriteringar), men òg kva ein ønskjer å oppnå med løyvingsforslag som i stor grad er ei vidareføring av løyvingsnivået frå tidlegare år. Ein skal berre unntaksvis gjenta tal frå tabellen. Viktige utviklingstrekk over tid kan takast med. Omtalen må vere konsentrert, jf. krava til lengde nedanfor.

For å sikre ei mest mogeleg einsarta framstilling av departementa, er det viktig at denne

malen vert følgd. Teksten skal vere klart, godt og enklast mogeleg skrive.

Lengda på departementsomtalen

Finansdepartementet legg følgjande til grunn som øvre grense for lengda på omtalen, eksklusive tabellen, under kvart enkelt departement:

- Arbeids- og sosialdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet: 1½ side
- Dei andre departementa: ¾ side

Tekniske krav til utforminga av departementsomtalen

Departementa skal nytte dei same malane ved utforminga av departementsomtalen i Gul bok, som dei nytta ved utforminga av fagproposisjonane.

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon (DSS) vil gi naudsynt brukarstøtte dersom departementa har behov for teknisk assistanse i samband med utarbeidinga av departementa sine bidrag til Gul bok.

Lever utkasta elektronisk som avtalt med Finansdepartementet. Teksten må vere lagra i Microsoft Word-format. Still opp tabellane slik det er omtalt i brukardokumentasjonen.

6.2 Forslag til vedtak

Finansdepartementet vil sende utskrift av dataregisteret for 2022 til alle departementa etter budsjettkonferansen i august. Denne utskrifta må kvart departement kontrollere innan den fristen som vert sett. Det er fagdepartementet som har ansvar for å kontrollere at utskrifta stemmer med den fordelinga som er godkjend på kapittel og post. Systematikken, nemningane og stikkorda må vere korrekte, slik at Finansdepartementet kan nytte utskrifta som manuskript til "Forslag til vedtak" i Gul bok.

Systematikken er som i fjor:

1. Grupper kapitla på vanleg måte.
2. Kapittel, post og stikkord skal ha nemning på bokmål.
3. Før opp alle beløp fullt ut (i heile kroner).
4. Før opp beløpa i tre kolonnar, med summar for programkategori og programområde. Summer departementa sine inntekter på inntektssida.
5. Ikkje før opp postar/kapittel utan forslag om løyving for 2022.

Departementa må ta med stikkorda "*overslagsløyving*", "*kan overførast*" og "*kan nyttast under*" etter nemninga på posten, både i Gul bok og i forslag til vedtak i fagproposisjon. Stikkord kan berre nyttast etter godkjenning frå Finansdepartementet, og departementa må ta opp spørsmål om å knyte stikkord til nye postar.

Dersom datautskrifta kan brukast som manuskript utan endringar, ber vi om at den vert returnert med påteikning om dette. Før opp eventuelle rettingar på utskrifta saman med melding om nemning. Ikkje før opp endringar som ikkje er godkjende på førehand av Finansdepartementet.

Lever forslag til romartalsvedtak etter dei same tekniske spesifikasjonane som for departementsomtalen i Gul bok.

7 FAGPROPOSISJONANE 2022

7.1 Fristar for arbeidet med fagproposisjonane

Fyrsteutkast til fagproposisjon

Vi ber om å få utkast til fagproposisjon innan 17. september. Departementa bør gjere Finansdepartementet merksam på eventuelle avsnitt som manglar. Departementa kan sende inn viktige tillegg eller endringar i teksten når dei er ferdige. Lever utkastet både på papirutskrift og i elektronisk versjon.

Trykking

Budsjettproposisjonen skal ha namnet “Prop. 1 S (2020–2021) for budsjettåret 2022”.

Departementa må i god tid avtale eigen frist for å levere endeleg manuskript til fagproposisjonane til Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon (DSS), Avdeling for Facility Management (FM), Teknisk redaksjon.

Kontaktpersonar ved spørsmål om innlevering av manuskript m.m. er
Espen Myhrvold tlf. 22 24 98 05
Grete Wiig tlf. 22 24 98 44
Anne-Borghild Mortensen tlf. 22 24 98 58

Det er òg mogeleg å kontakte brukarsenteret på tlf. 22 24 00 00 eller sende spørsmål til teknisk.redaksjon@dss.dep.no.

Framlegg i statsråd

Departementa skal leggje fram fagproposisjonane i statsråd 24. september.

7.2 Utforming av teksten i fagproposisjonane

7.2.1 Hovudstruktur for fagproposisjonane

Framstillinga i fagproposisjonane skal som hovudregel ha tre delar:

Del I skal gi ei samla oversikt over budsjettforslaget. Departementa bør utforme denne delen slik at den kan tene som grunnlag for den generelle delen av innstillinga frå vedkomande stortingskomité. Hovudoppgåvene til departementet, tilstandsvurdering, resultatrapportar, hovudutfordringar, hovudsatsingar og hovudmål må kort omtalast. I tillegg skal del I gi ei oversikt over oppmodingsvedtak som vert omtalte i proposisjonen.

Del II skal innehalde ei samla oversikt over budsjettforslaget medrekna kategoriomtale og kapittelomtale.

Kategoriomtalen skal vere ein felles omtale av budsjettkapitla som høyrer til under same programkategori. Denne delen skal også innehalde ein omtale av oppgåver, tilstandsvurdering, resultatrapportar, utfordringar, satsingar og mål, men omtalen skal vere mindre overordna enn i innleiinga, jf. løvingsreglementet. Måla skal omhandle verknadene, eventuelt andre resultat som ein ønskjer å nå eller endre ved hjelp av løyvinga og andre tilgjengelege verkemiddel. Resultatmål skal angi ambisjonsnivå.

I kategoriomtalen kan det òg vere naturleg å skrive om dei verksemdene eller ordningane som

kategoriene omfattar. Under kapittelomtalen skal ein særleg forklare innhaldet i dei ulike løyvingane.

Det er viktig at departementa vurderer nøye korleis, og kvar, dei presenterer mål, satsingar og resultat, og såleis unngår gjentakning. Dersom departementet presenterer mål og resultatkrav både på kategori- og kapittelnivå, skal omtalen vere meir konkret på kapittelnivå enn på kategorinivå. Oppnådde resultat bør omtalast på same kategori- eller kapittelnivå som målet dei er knytte til.

I del III skal departementet omtale andre tema som departementet finn det relevant og formålstenleg å informere Stortinget om, jf. pkt. 7.2.3 nedanfor.

For at dokumenta skal ha eit einsarta preg ber vi om at denne inndelinga av fagproposisjonane vert nytta.

7.2.2 Generelle retningslinjer for utforminga av teksten

Proposisjonane skal berre innehalde godkjende planar

Ved utforminga av fagproposisjonane må departementa ta omsyn til at det er regjeringa som legg fram budsjettforslaget. Kommentara i fagproposisjonane skal difor berre grunngi dei forslaga som vert tekne med i det endelege budsjettforslaget. Ikkje omtal planar som kan ha budsjettkonsekvensar eller andre økonomiske og administrative konsekvensar, utan at planen heilt ut er godkjend av regjeringa. Dersom eit departement er i tvil om eit forslag går ut over tidlegare godkjenning, må dette takast opp med Finansdepartementet som eiga sak.

Mål og resultatrapportering

I fagproposisjonane må departementa under kvar programkategori/kvart kapittel gi ein mest mogeleg presis omtale av kva for problem ein vil løyse. Med utgangspunkt i problemet kan ein sette målet ein ynskjer å nå. Målet med tiltaket må vere så klart som råd er. Målet må òg svare tydeleg på det identifiserte problemet, og kan til dømes vise ynskja verknader for samfunnet eller brukargrupper. Mål kan vere på ulike nivå, jf. pkt. 7.2.1.

Løyvingsreglementet § 9 krev at ein skal omtale dei resultata som ein tek sikte på å oppnå med løyvingforslaga. Krava til omtale av mål og resultatrapportering gjeld både satsingar og mål på tvers av sektorar og verksemdområde, og satsingar og mål for dei einskilde verksemdene og tilskotsordningane i staten. Når det gjeld omtale av tilskotsordningar viser vi særleg til kapittel 6 i "Bestemmelser om økonomistyring i staten".

Når fleire verksemdar og verkemiddel har innverknad på dei same måla, bør departementet òg omtale kva som er dei underliggjande verksemdene sitt bidrag til verknadene, til dømes i form av tenester som verksemdene skal levere.

I proposisjonen skal departementa rapportere om oppnådde resultat i 2020 på overordna nivå. Resultatrapporteringa skal først og fremst vise til og henge saman med måla for 2020 slik dei allereie er presenterte for Stortinget. Departementet må leggje vekt på at rapporteringa skal vere strukturert og poengtert, og unngå lange aktivitetsskildringar. Sjølv om måla for 2020 er detaljerte og aktivitetsorienterte, bør resultatinformasjonen om oppnådde verknader vere overordna. Departementa kan gjerne supplere omtalen med ein tabell som viser samanhengen mellom mål og oppnådde resultat. Dersom det er store avvik, må departementa gjere greie for årsakene til dette.

Detaljert omtale som i sin karakter høyrer heime i det enkelte fagdepartement si styring av underliggjande verksemder, bør ikkje takast med i fagproposisjonen.

Orientering om heilårsverknad

For nye tiltak som ikkje vert sett i gong frå 1. januar 2022, er det viktig at Stortinget får informasjon om kva heilårsverknaden på statsbudsjettet vil vere frå 2023 eller seinare. Dette gjeld både nye tiltak som krev høgare løyving og innstramningstiltak.

7.2.3 Omtale av særlege tema

Omtale av tverrgåande satsingar

Regjeringa gjennomfører tverrgåande satsingar av ulik storleik og viktighet. Departement med ansvar for vesentlege og relevante tiltak i viktige tverrgåande satsingar skal vurdere å omtale mål for tiltaka og oppnådde resultat i budsjettproposisjonen. Departement med koordineringsansvar i tverrgåande satsingar skal vurdere behovet for å omtale mål og resultat av slike satsingar samla i budsjettproposisjonen. For viktige politisk satsingar kan det vere aktuelt at det koordinerande departementet hentar inn rapportering om gjennomføring og status frå dei andre involverte departementa, og omtaler mål og status samla for tverrgåande satsingar som Stortinget har slutta seg til.

Sektorovergripande klima- og miljøpolitikk

Klima- og miljøprofilen i budsjettforslaget skal vise løyvingforslag som er viktige for å redusere klimagassutsleppa, få til klimatilpassing og/eller vil ha ein merkbar positiv effekt på miljøet.

Klima- og miljøomsyn er eit sektoransvar, og departementa skal difor omtale dette i eigen fagproposisjon der det er relevant og føremålstenleg. Klima- og miljødepartementet vil be om eigne slike innspel i samband med rammefordelingsforslaget, og omtalane i fagproposisjonane skal bygge på disse innspela. Klima- og miljødepartementet vil konkretisere denne bestillinga i eit eige brev. Innspela dannar grunnlag for den samla klima- og miljøprofilen i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2022, på tvers av sektorar, som vil verte framstilt i Klima- og miljødepartementets proposisjon.

Fornye, forenkla og forbetre.

Regjeringa vil byggje politikken sin på målet om mest mogeleg effektiv og berekraftig bruk av fellesskapet sine ressursar. Alle departement skal difor omtale forenklingarbeid, modernisering og innovasjon i offentleg forvaltning innanfor eige ansvarsområde.

Departementet skal i fagproposisjonen gi ei samla oversikt over dette arbeidet innanfor departementet sitt område. Overskrifta for ein slik omtale skal vere *Fornye, forenkla og forbetre*. Omtalen bør ikkje vere på meir enn to sider.

Omtalen bør skildre:

- kva prioriteringar og konkrete tiltak departementet planlegg å gjennomføre
- kort om motivasjonen/bakgrunnen for å gjennomføre tiltak, illustrert gjennom statistikk eller anna underlagsmateriale
- kort om forventat resultat av tiltaka og korleis departementet vil følgje dei opp

Departementa bør også gi ein kort omtale av tiltak som allereie er gjennomført i 2021, og kva resultat desse har gitt.

Departementa kan plassere omtalen der det er naturleg i proposisjonen, for eksempel i den innleiande delen (del I), i kategoriomtalen eller kapittelomtalen (del II), eller i omtalen av særlege tema (del III).

Oppfylging av likestillings- og diskrimineringslovas krav om å gjere greie for likestilling
Likestillings- og diskrimineringsloven § 26 a gjev pålegg til offentlege myndigheiter, som arbeidsgjevarar, om å gjere greie for kjønnslikestilling i verksemda. Arbeidsgjevarar i offentlege verksemdar skal òg gjere greie for tiltak som er sette i verk eller planlagde for å fremje lova sitt føremål om likestilling uavhengig av etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Utgreiinga skal stå i del III av budsjettproposisjonen.

Forretningsdrifta til staten – opplysningar om kapitalbalanse og renter i byggjetida
Budsjettproposisjonane skal innehalde opplysningar om kapitalbalanse for alle forvaltningsbedriftene, jf. St.prp. nr. 65 (1990–1991), pkt. 2.1, og Innst. S. nr. 176 (1990–1991). Oppstillinga i budsjettproposisjonane bør om mogeleg vise balansen ved utgangen av dei to føregåande åra. Vidare ber vi om at balanseoppstillingane i budsjettproposisjonen vert supplerte med økonomiske nøkkeltal og ein finansieringsanalyse. Aktuelle nøkkeltal kan for eksempel vere overskotsgrad, totalrentabilitet, eigenkapitalrentabilitet og totalkapitalen sin omløpsfart.

Omtalen av statlege bygg og anlegg skal innehalde renter i byggjetida, sjølv om slike renter ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av løyvingane, jf. St.prp. nr. 65 (1990–1991), pkt. 2.2, og Innst. S. nr. 176 (1990–1991). Renta skal vere lik renta for statens kapital i forretningsdrifta, jf. pkt. 5.4 ovanfor.

Oppmodingsvedtak

Fagproposisjonane skal omtale av oppmodingsvedtak frå Stortinget til regjeringa. Eit av dei innleiande kapitla i fagproposisjonen skal omtale oppfølging av oppmodingsvedtaka etter ein standard mal. Er det er behov for meir utdjupande informasjon om oppfølginga av vedtaket, skal slik omtale stå under relevant programområde i proposisjonen. Departementa kan òg skrive og plassere slike utdjupande omtaler saman med og tilpassa annan omtale i proposisjonen, utan å følgje ein fast mal. Det må då gå klart fram kva som er ei oppfølging av oppmodingsvedtak.

Følgjande vedtak skal være med i omtalen:

- alle oppmodings- og utgreiingsvedtak under departementet i føregåande stortingssesjon (2020–2021).
- alle oppmodings- og utgreiingsvedtak frå tidlegare stortingssesjonar der departementet i oversiktstabellen i Prop. 1 S (2020–2021) la til grunn at rapporteringa ikkje var avslutta. Dette gjeld om vedtaket seinare er følgt opp eller ikkje. Det gjeld òg om Stortinget i si handsaming seinare har meint at vedtaket er kvittert ut.
- alle oppmodings- og utgreiingsvedtak som kontroll- og konstitusjonskomiteen ved handsaming av Meld. St. 12 (2020–2021) har lagt til grunn at ikkje er kvitterte ut.

Når oppfølginga av eit vedtak omhandlar fleire departement, må det ansvarlege departementet sørge for naudsynt koordinering med dei departementa det gjeld. Vedtaket skal berre omtalast under det ansvarlege departementet. Dersom det er uklart kva departement som har koordineringsansvaret, må dette straks takast opp med Statsministerens kontor.

Det innleiande kapittelet skal bestå av tre element:

- (i) ein innleiande tekst
- (ii) ein oversiktstabell over alle oppmodings- og utgreiingsvedtaka
- (iii) ein omtale av korleis oppmodings- og utgreiingsvedtaka vert følgde opp

(i) Om innleiande tekst

Innlei kapittelet med ein standardtekst som forklarar oppsettet og tabellen. Standardteksten vert send departementa i eit brev frå Statsministerens kontor i juni.

(ii) Om oversiktstabell

Oversiktstabellen følgjer same mal som i fjor. I ein kolonne skal det gå fram om rapporteringa på oppmodingsvedtaket no vert avslutta eller om departementet òg planlegg å rapportere på vedtaket i neste års budsjettproposisjon. For kvart vedtak skal det difor stå «Ja» i kolonnen dersom rapporteringa no vert avslutta, og «Nei» i kolonnen dersom rapporteringa skal fortsetje.

Departementa kan avslutte rapporteringa på oppmodingsvedtaket i følgjande tilfelle (Ja):

- Vedtaket er ferdig følgt opp ved f.eks. at ein proposisjon, melding eller utgreiing er lagd fram for Stortinget.
- Vedtaket gjev føringar for politikktutforminga på eit område, men føresett ikkje at regjeringa kjem tilbake og fremjar konkrete forslag til Stortinget. Departementet har forklart korleis dette vil verte følgt opp i politikken framover. Eksempel på slike vedtak kan vere at eit område skal styrkast eller at særlege høve skal ivaretakast i politikktutforminga, der oppfølginga vil kunne gå over mange år. Det er her naturleg at den vidare orienteringa til Stortinget skjer i den ordinære omtalen av politikkområdet i dei årlege budsjetta og andre dokument.
- Vedtaket er oppheva eller omgjort ved eit nytt vedtak i Stortinget. Dette gjeld òg tilfelle der Stortinget har fatta lovvedtak eller budsjettvedtak som må forståast slik at stortingsfleirtalet ikkje lenger meiner at det aktuelle oppmodingsvedtaket skal følgjast opp vidare. Dersom regjeringa foreslår slikt vedtak, må det gå klart fram i proposisjonen at det skal sjåast i samanheng med oppmodingsvedtaket.
- Vedtaket vert foreslått oppheva ved vedtak i Prop. 1 S (2021–2022).

Rapporteringa på vedtaket skal fortsette i følgjande tilfelle (Nei):

- Departementet har enno ikkje bestemt korleis det skal følgje opp vedtaket og vil kome tilbake til Stortinget om dette seinare.
- Vedtaket angir at regjeringa skal levere ein proposisjon, stortingsmelding, sak, utgreiing el. til Stortinget som ikkje enno er levert.
- Departementet vil kome tilbake til oppfølginga av vedtaket i ei melding eller proposisjon el. som vert lagt fram seinare.

(iii) Om omtale av oppfølging av vedtaka

Under tabellen skal det følgje ein kort omtale av alle oppmodings- og utgreiingsvedtak og departementet si oppfølging av desse. Sett opp vedtaka i stigande nummerrekkefølge, inndelt etter ulike stortingsssesjonar. Omtalen av det einskilde vedtaket skal være kort, men innehalde dei naudsynte opplysningane til at Stortinget vert informert om hovudtrekka i oppfølginga frå departementet.

Omtalen av vedtaket skal innehalde følgjande informasjon:

- Overskrift (i tråd med stikkord brukt i oversiktstabellen).
- Vedtaksnummer og vedtaksdato.

- Tekst i oppmodingsvedtaket.
- I kva samanheng oppmodingsvedtaket er foreslått og kva stortingsdokument som ligg til grunn for vedtaket.
- Ei forklaring på korleis oppfølginga er eller vil verte gjort. Det må gå klart fram om vedtaket etter departementet si meining er følgt opp, eller om det er behov for ytterlegare oppfølging, som f.eks. «Oppmodingsvedtaket er ivareteke gjennom Stortinget sitt vedtak ved behandlinga av Prop. 46 L (2014–2015), jf. Innst. 331 L (2014–2015)» eller «departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom vurderingane under kap. xx.». Dersom vedtaket ikkje er følgt opp enno, skal det gå fram korleis dette vil skje. Omtalen av oppfølginga bør då som utgangspunktet ikkje overstige 4–5 setningar.
- Dersom det tidlegare er gjeve ein omtale av oppfølginga av vedtaket til Stortinget, skal departementet kort omtale eventuelle relevante kommentarar frå stortingsfleirtalet ved siste handsaming, og korleis desse vil verte følgde opp. Som hovudregel er det synet til den aktuelle stortingskomiteen i komitéinnstillinga som skal refererast, så framt fleirtalet i komitéen representerer eit fleirtal på Stortinget.
- I nokre tilfelle er vedtaka delte opp i fleire vedtakspunkt. I så tilfelle skal kvart vedtakspunkt ha sin eigen omtale. Omtalen kan i kvart tilfelle vere heilt kort og vise til andre vedtak. Kravet til overskrift, referansar mv. gjeld likevel for kvart punkt.

Sjølv om det normalt er eit stort handlingsrom for korleis følgje opp Stortinget sine intensjonar med eit oppmodingsvedtak, kan det vere tilfelle der regjeringa likevel av ulike årsaker meiner at Stortinget bør gjere om vedtaket. Det kan i så fall vere naudsynt med eit opphevingsvedtak. Dette kan formulerast som følgjer: «Vedtak nr. 52, 14. juni 2017 vert oppheva.» Dersom det er fleire vedtak under same departement, kan ein foreslå desse oppheva med eit slikt vedtak: «Vedtaka nr. 52, 14. juni 2017, nr. 46, 14. juni 2017 og nr. 386, 15. juni 2017 vert oppheva.». Dersom det vert foreslått eit samlevedtak, må likevel departementet grunngi vedtaket særskild for kvart oppmodingsvedtak under omtalen av oppfølginga av dei einskilde vedtaka. Nytt i utgangspunktet berre opphevingsvedtak i dei tilfella der andre handlingsalternativ er uttømte og Stortinget peiker på behovet for slikt vedtak. Inkluder vedtaket i forslag til vedtak avslutningsvis i proposisjonen.

Statsministerens kontor vil som normalt i juni sende ut ein oversikt over alle vedtak fatta i inneverande stortingssesjon.

Omtale av lønsvilkåra o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemdar

I del III av fagproposisjonane skal det departementa ta med følgjande opplysningar om lønsvilkåra til leiarane i dei heileigde statlege verksemdene:

- samla utgifter til løn, pensjonsforpliktingar og anna godtgjersle til dagleg leiar
- arten og omfanget av forpliktingar til dagleg leiar ved oppseiing eller endring av tilsetjingsvilkår
- avtalar om bonus, utdeling av overskot og liknande til fordel for dagleg leiar

7.3 Fagproposisjonane – teknisk direktiv

7.3.1 Forslag til vedtak

Forslag til vedtak om løyvingar i fagproposisjonane må vere i samsvar med det manuskriptet som er godkjent til forslag til vedtak i Gul bok, med den same fordelinga på kapittel og post. Departementa må kontrollere både kronetal, stikkord og nemning på kapittel og post. I ein fagproposisjon som er skriven på nynorsk, må nemning og stikkord vere på nynorsk.

Innlei forslag til vedtak med "I" (romartal). Departementa skal fordele løyvingar på utgifter

og inntekter gruppert kvar for seg. Sjå retningslinjene i rettleinga Om statsråd frå Statsministerens kontor.

Romartal II og seinare nummer gjeld forslag om fullmakt til å tinge utstyr, til å gi tilsegn om statstilskot, om statsgaranti og eventuelle andre romartalsvedtak. Ein må formulere desse forslaga i samsvar med det som vert førte opp i Gul bok. I vedlegg til fagproposisjonane skal departementa også ta inn ei oppstilling over romartalsvedtak som er gjevne utan tidsavgrensing, jf. omtale under pkt. 4.4.

7.3.2 Tabellar i innleiinga

I innleiinga skal det vere minst to standardtabellar:

1. utgifter spesifiserte på programkategori og utgiftskapittel, med tal for 2020, 2021 og 2022, og utrekning av prosentvis endring frå 2021 til 2022.
2. tilsvarande tabell for inntekter.

7.3.3 Kapittelrekkefølge

I teksten skal ein omtale kapittel i nummerrekkefølge på utgiftskapittel innanfor kvar programkategori. Omtal staten si forretningsdrift og statsbankane under den programkategorien der dei høyrer heime. Omtal inntektskapittel som heng saman med eit utgiftskapittel, rett etter dette utgiftskapittelet.

7.3.4 Rekneskapstal for 2020 og løyving for 2021

I postoppstillinga under kvart kapittel skal det vere tre kolonnar: rekneskapstal for 2020, løyving for 2021 og forslaget for 2022. Som løyving for 2021 skal ein nytte saldert budsjett. Dersom det er vedteke store endringar jamført med saldert budsjett, må ein kommentere dette.

Ein set opp tal for inntektskapitla på den same måten som for rekneskapen for 2020 og løyvinga for 2021. Sjølv om ein budsjetterer med null i inntekt for 2021 (kombinert med meirinntektsfullmakt) er det viktig å ta med alle inntektspostar i posttabellen, slik at ein får fram rekneskapstala. Dersom det er oppretta inntektskapittel fyrst i løpet av 2021, slik at det verken ligg tidlegare rekneskapstal eller løyving for 2021 i saldert budsjett, bør ein likevel nemne inntektskapittelet kort i kommentarane.

7.3.5 Tabellar for underspesifikasjon

Det er ikkje krav til nærare underspesifikasjon av driftspostane. For driftspostane og andre postar må departementet i kvart tilfelle vurdere om ein skal nytte underspesifikasjon for å få fram dei prioriteringane som Stortinget og regjeringa har gjort.

Til løyvingerekneskapen skal departementa i tillegg til kapittel/post rapportere artskonto etter standard kontoplan, jf. rundskriv R-102 som Finansdepartementet har fastsett. Når det vert sette opp tabellar med underspesifikasjon, skal ein òg spesifisere rekneskapstal for 2020 etter same underspesifikasjon.

8 BUDSJETTFORSLAG SOM HAR VERKNAD FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar får nok tid til å gjennomføre tiltak som følgjer av forslag i budsjettproposisjonen. Vi ber kvart departement om å melde slike budsjettforslag til kommunar/fylkeskommunar så snart budsjettproposisjonen er lagt fram for Stortinget.

Departementet kan om naudsynt gi opplysningar til statsforvaltarar før Prop. 1 S er levert til Stortinget. I slike tilfelle må departementet gjere merksam på at opplysningane er fortrulege.

9 OVERSLAG OVER BEHOV FOR Å ENDRE LØYVINGANE I ANDRE HALVÅR FOR 2021-BUDSJETTET

For å få ei best mogeleg oversikt over budsjettsituasjonen for andre halvår 2021 i samanheng med at statsbudsjettet for 2022 vert lagt fram, skal det vere ei ekstra innrapportering til Finansdepartementet om strengt naudsynte løyvingsendringar i andre halvår 2021. Vi ber difor kvart departement om å utarbeide overslag for områda sine.

Fyrst seinare i terminen kan ein ta endeleg stilling til kva forslag som skal leggjast fram for Stortinget. Innrapporteringa vert avslutta i midten av oktober med sikte på felles regjeringshandsaming i midten av november. Vi er difor klar over at overslaga må vere nokså grove, og at dei seinare kan verte korrigererte.

Overslaga må sendast til Finansdepartementet innan 26. juli 2021.

10 RETNINGSLINJER FOR OFFENTLEG INFORMASJON OM BUDSJETTSAKER

Den nye offentleglova trådde i kraft frå 1. januar 2009, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova).

Offentleglova § 22 fyrste punktum gir som tidlegare høve til å gjera unntak for innsyn i dokument som er utarbeidd av eit departement, og som gjeld statlege budsjettsaker. Eksempel på slike dokument er

- forslag til løyvingar og anna budsjettmateriale som vert sendt frå departementa og Statsministerens kontor til Finansdepartementet
- utgreiingar, notat, brev med vidare som er utarbeidd av eit departement eller Statsministerens kontor og som gjeld statlege budsjettsaker
- departementa og Statsministerens kontor sine forslag om overskridingar og løyvingsendringar innanfor gjeldande budsjettår og Finansdepartementet sine avgjersler i slike saker

Det kan ikkje gjerast unntak frå innsyn etter offentleglova § 22 fyrste punktum for budsjettforslag som eit departement har motteke frå underliggende verksemder eller frå kommunar eller private. Dette følgjer av at desse budsjettdokumenta ikkje er utarbeidd av eit departement. Etter offentleglova § 22 andre punktum er det høve til å gjere unntak frå innsyn for opplysningar om førebels budsjetttrammer, fastsett av regjering eller departement, i dokument frå underliggende organ eller etat, frå Det kongelege hoff, Domstolsadministrasjonen og Sametinget. Her er det berre sjølve opplysningane om dei førebelse budsjetttrammene som det kan gjerast unntak for, ikkje resten av dokumentet.

Ei rekkje av dei statlege budsjettdokumenta som det kan gjerast unntak frå innsyn for etter offentleglova § 22, kan det òg gjerast unntak for etter andre føresegner i lova. Dette gjeld til dømes § 14 fyrste ledd om unntak for organinterne dokument eller § 15 fyrste ledd om unntak

for dokument som eit departement har innhenta frå eit anna departement eller eit underordna organ. Desse unntaka vert ikkje nærare omtalte her.

Etter offentleglova § 29 fyrste ledd skal det organet som mottek eit krav om innsyn, gjere ei konkret og sjølvstendig vurdering av kravet. Dette gjeld uansett om dokumentet er utarbeidd av organet sjølv eller av eit anna organ. Organet må vurdere både om det finns heimel for å nekte innsyn i eit dokument eller opplysningar i dokumentet, og om det i slike høve likevel bør gjevast heilt eller delvis innsyn etter regelen om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

Det er viktig at departementa tek omsyn til regjeringa sitt behov for å kunne halde fortruleg kva for vurderingar som vert gjort i løpet av ein budsjettprosess når dei vurderer om dei skal gi meirinnsyn i dokument eller opplysningar. Dette er bakgrunnen for at det i Ot.prp. nr. 102 (2004–2005) Om lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) vart lagt til grunn at behovet for å gjere unntak for dokument og opplysningar som er omfatta av offentleglova § 22, som regel vil gjera seg gjeldande, jf. s. 95 fyrste spalte.

Med helsing

Colin Forthun e.f.
avdelingsdirektør

Sophie Kristoffersen
fagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje handskrivne signaturar